



Leiar i Uskedal Idrettslag Esben Zimmer og leiar i valnemnda Janne Yri har ein tung jobb med å finna ny leiing i laget. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Tek Uskedal Idrettslag eit steg ut av leiarkrisa under årsmøtet på Solheim tirsdag 28. november? Ikkje minst Esben Zimmer og Janne Yri er spente på det. Dei er leiar og valnemdleiar i det 79 år gamle laget.**

Uskedalen.no minnar Zimmer om at laget har i overkant av 400 medlemmar, det er nesten halvparten av uskedalingane.

Likevel var det nesten håplaut å få avvikla eit gyldig årsmøte for eitt år sidan. På det først annonserte årsmøtet møtte det berre seks og det måtta haldast eit nytt årsmøte. Då kom det 12 – og Esben Zimmer og Einar Raudstein vart attvalde som leiar og nestleiar.

I år er begge på val og begge har personlege grunnar til å kunne seia frå seg attval. Det gjer dei. Janne Yri er som leiar i valnemnda i arbeid med å finna ei ny leiing for laget. Ho har ikkje noko lett oppgåve.

Men dei treng også fleire styremedlemmer og Zimmer har ein draum:

- Eg skulle ynskje at både dei unge og dei eldre kunne bli representert i styret. Vi skulle hatt med ein som driv aktiv idrett i dag og ein pensjonist som har lang erfaring frå idrottsarbeid, seier han.

- Kvifor er det så problematisk å få folk på toppen?

- Eg har ikkje noko godt svar. Det paradoksale er jo at arbeidet går som smurt under entusiastiske og aktive leiarar i dei einskilde gruppene. Der er det ikkje problematisk å finna folk til å ta eit tak. Mange flinke folk gjer ein stor jobb.

- Så laget er i og for seg ikkje i noko krise?

- Nei, i fjor sa vi i årsmeldinga at laget hadde hatt eit aktivt år der gruppene hadde halde oppe den gode aktiviteten. Omtrent dei samme orda er det grunnlag for å skriva i år. Men i hovudstyret er det bortimot håplaut å få inn viljuge folk.

Slik det det vore i dei tre åra eg har sete der – eit år som nestleiar og to år som leiar.

Eg ser ikkje bort ifrå at det kan ha noko med marknadsføring å gjera, men har vondt for å tru det. Til dømes har vi vore flinke til å kunngjera årsmøtet både i fjor og i år.

Men eg ser det slik at foreldra burde kjenne ansvar og ofre seg for ei slik oppgåve så lenge dei har ungar med i laget.

- Men idrettslaget er vel ikkje det einaste laget med leiarkrise...

- Nei, dette er slett ikkje nokon eineståande situasjon for idrettslaget i Uskedalen – mitt inntrykk er at alle lag slit for tida.

Det blir nok for mykje å stri med for nokre få, seier Zimmer, som altså no takkar for seg.  
Av Ola Matti Mathisen